

Prosedyre for særskilt språkopplæring

Meland kommune

Føremål

Føremål med denne prosedyren er å sikre at alle skulane i kommunen syter for at elevar som ikkje har norsk eller samisk som morsmål, får vurdert sitt behov for særskilt språkopplæring, jf. Opplæringslova § 2-8.

Målet for den særskilde språkopplæringa er at eleven så fort som mogleg får tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje ordinær opplæring. Særskild språkopplæring er eit tiltak som vert avslutta når eleven har tilstrekkeleg dugleik i norsk.

Grunnlag

[Opplæringslova § 2-8.](#)

Omtale

Særskild språkopplæring inneheld tre delar:

1. Særskild norskopplæring = forsterka opplæring i norsk. Opplæringa følgjer ordinær læreplan i norsk (tilpassa eleven sine behov) eller læreplan i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar
2. Tospråkleg fagopplæring = opplæring i fag på norsk og på eleven sitt morsmål utført av tospråkleg lærar
3. Morsmålopplæring = opplæring i eleven sitt morsmål. Opplæringa følgjer eigen læreplan.

Anna opplæring:

Når morsmålopplæring eller tospråkleg fagopplæring ikkje kan givast av eigna undervisningspersonale, har eleven rett til anna opplæring tilpassa føresetnadane til eleven.

Sakshandsaming og rutinar

	Kva	Når	Kven	Dokument
Informasjon	Forskrift til opplæringslova § 20-3 har reglar om foreldresamarbeid i grunnskulen. I siste ledd bokstav c går det mellom anna fram at foreldre skal ha munnleg eller skriftleg informasjon om eleven sine rettar etter opplæringslova og forskrift til denne. Av dette følgjer det at skulen må gi informasjon om retten til særskild språkopplæring.			Sjå vedlegg nr.13

14.05.2016

	Skulen må ha rutinar for å fange opp elevar som kan ha rett til særskild språkopplæring etter § 2-8. Det er ikkje eit vilkår at foreldre/føresette sender søknad.			
Samtykke og førehandsvarsling	Før det kan fattast eit vedtak om særskild språkopplæring, skal det hentast inn samtykke frå den eller dei med foreldreansvar for barnet eller frå eleven sjølv om han/ho har fylt 15 år. Før det vert fatta enkeltvedtak om særskild språkopplæring skal føresette/eleven ha fått høve til å uttale seg i tråd med forvaltningslova § 16. Det er utarbeid egne malar for samtykke og førehandsvarsling, sjå vedlegg			
Saksgang				
Fase 1 - vurdering	Vurdering av behov ved mistanke om utilstrekkeleg dugleik i norsk Skulen skal vurdere eleven sitt behov for særskild språkopplæring. Informasjon til foreldre/føresette – t.d. ein oppstartsamtale. Nyankomne og nyttilflytta elevar skal alltid vurderast raskt. I tillegg vil det vere viktig å vurdere elevar i samband med overgang mellom trinn og skuleslag.		Lærer/ rektor	Sjå vedlegg nr.13
Fase 2 - Kartlegging	Kartlegging skal gjennomførast før og undervegs i opplæringa. Kartlegginga er grunnlag for enkeltvedtaket. Mangelfull kartlegging vil være ein feil ved sakshandsaminga, og kan føre til at vedtaket vert oppheva. Informasjon til foreldre/føresette om resultat av kartlegginga og ev førehandsvarsel om enkeltvedtak. Det må gå fram av dokumentasjonen kva tid kartlegginga har funne stad.	Raskt etter eleven har teke til på skulen.	Lærer	Det er ikkje gitt føringar for kva for slags materiell som skal brukast. Materiellet ligg på udir.no kan fungere som støtte-materiell. Sjå vedlegg nr.13

Fase 3 – Informasjon og samtykke	Foreldre/føresette/elev (om fylt 15 år) skal alltid informerast om retten til særskild språkopplæring og kva denne retten inneber for eleven si opplæring. Enkeltvedtak skal varslast på førehand (munnleg eller skriftleg). Foreldre/føresette/elev skal få høve til å uttala seg og gi samtykke (vedlegg) før det vert gjort vedtak om særskild språkopplæring. Det er ikkje eit vilkår at foreldre/føresette/elev søker om særskild språkopplæring. Informasjon om retten til særskild språkopplæring og saksgang skal gjevast i møte med foreldre/føresette/elev. I samband med møtet, må behov for tolk vurderast.			Sjå vedlegg nr. 13
Fase 4 – Enkelt vedtak	Når vedtak fattast må det gjerast ei vurdering om ein elev, i tillegg til særskilt opplæring i norsk, har behov for morsmålsopplæring, tospråklig opplæring.		Rektor	Felles mal i websak
Fase 5 – Gjennomføring	Gjennomføring av opplæringa skal vere i samsvar med innhaldet i vedtaket		Lærer	Sjå vedlegg nr. 13
Fase 6 - Evaluering	Kartlegging undervegs i løpet av skuleåret. Endring vert vurdert på grunnlag av denne kartlegginga - Dersom opplæringstilbodet på grunnlag av ny kartlegging skal endrast, må det fattast nytt enkeltvedtak.		Lærer	Sjå vedlegg ne. 13
Fase 7- avslutning	Retten til særskild språkopplæring opphøyrer når kartlegging syner at vilkåra for retten ikkje lenger er		Rektor	

	oppfylte. Avslutning av særskild språkopplæring krev nytt enkeltvedtak			
Elevar som bytter skule	<p>Ved skulebytte skal skulen eleven flytter frå:</p> <ul style="list-style-type: none"> - informere elev/føresette om overføring av dokument - innhente samtykke til overføring av dokument - sende dokument til skulen eleven flytter til <p>Ved skulebytte skal skulen eleven flytter til:</p> <ul style="list-style-type: none"> - vurdere om tidlegare vedtak om særskild språkopplæring skal gjelde eller vurdere om skulen må fatte nytt vedtak 			Sjå vedlegg nr. 13
Elevmapper	<p>Følgjande dokumentasjon skal inn i eleven si mappe:</p> <ul style="list-style-type: none"> - førehandsvarsel - elevar/føresette sitt samtykke eller ikkje samtykke - kartleggingsresultat eller oppsummering av kartleggingsresultat som er grunnlag for enkeltvedtak - enkeltvedtak - ev klage og oppfølging av denne 			

Nykomne minoritetsspråklege elevar

Frå august 2012 vart det i opplæringslova gjort endringar i høve til organisering av opplæringstilbod til nykomne minoritetsspråklege elevar.

Nytt § 2-8 femte ledd:

“Kommunen kan organisere særskilt opplæringstilbod for nykomne elevar i eigne grupper, klassar eller skolar. Dersom heile eller delar av opplæringa skal skje i slik gruppe, klasse eller skole, må dette fastsetjast i vedtaket om særskild språkopplæring. Vedtak om slik opplæring i særskilt organisert tilbod kan berre gjerast dersom dette er rekna for å vere til beste for eleven. Opplæring i særskilt organisert tilbod kan vare inntil to år. Vedtak kan berre gjerast for eitt år om gongen. I vedtaket kan det for denne perioden gjerast avvik frå læreplanverket for den aktuelle eleven i den utstrekning dette er nødvendig for å vareta eleven sitt behov. Vedtak etter dette leddet krev samtykkje frå elev eller føresette. “

Meland kommune har ikkje organisert særskilde opplæringstilbod i grupper, klasser eller skular for nyankomne minoritetsspråklege elevar. Elevantal, demografi og busetting ligg til grunn for denne avgjerda. Kvar skule skal i staden organisere innførings- og opplæringstilbod til sine minoritetsspråklege elevar i tråd med retningslinene skildra i dette dokumentet.

Ansvar/mynde

I samsvar med kommunen sitt delegasjonsreglement har tenesteområdeleiar delegert mynde til å fatte vedtak om særskilt språkopplæring etter § 2-8 i opplæringslova.

Lærar har ansvar for å kartlegge elevane sine norskerferdigheitar før vedtak fattast og under vegg.

Kvalitetsmål

Elevar som ikkje har norsk eller samisk som morsmål, får vurdert sitt behov for særskilt språkopplæring.

Evaluering

For å sjekke om prosedyren er følgd eller om utføringa i samsvar med regelverkskrav kan skulane nytte "[Reflex](#)". Eit elektronisk eigenvurderingsskjema utarbeidd av Udir.

Følgjande forhold skal rapportersat som avvik:

- Skulen har ikkje rutinar for å fange opp elevar som kan ha rett til særskild språkopplæring etter § 2-8
- Det har ikkje vore innhenta samtykke frå føresette før vedtak om særskild språkopplæring er fatta
- Føresette har ikkje fått høve til uttale seg før enkeltvedtak om særskild språkopplæring er fatta (gjennom søknad eller førehandsvarsel) i tråd med forvaltningslova § 16.
- Minoritetsspråklege elevar sine norskerferdigeter vert ikkje kartlagt før vedtak fattast
- Skulen har ikkje ein skriftleg rutine som sikrar at det også vert gjort ei vurdering om ein elev, i tillegg til særskilt opplæring i norsk, har behov for morsmålsopplæring, tospråklig opplæring.
- Elevar med særskilt språkopplæring får ikkje jamleg kartlegging av norskdugleik undervegs i opplæringa
- Det har ikkje vore fatta vedtak når særskild språkopplæring er avslutta

Kryssreferansar

Vedlegg

Vedlegg 1: Informasjon om rett til særskilt språkopplæring for elevar frå minoritetar

Vedlegg 2: Velkomstsamtalen

Vedlegg 3: Registreringsskjema av nykomne elevar frå språklege minoriteter

Vedlegg 4: Førehandsvarsel om særskild språkopplæring etter opplæringslova §2-8 (når eleven har behov for særskild språkopplæring)

Vedlegg 5: Førehandsvarsel om særskild språkopplæring etter opplæringslova § 2-8 (når eleven ikkje har behov for særskild språkopplæring)

14.05.2016

- Vedlegg 6: Samtykke til vedtak om særskild språkopplæring
- Vedlegg 7: Samtykke til avslag på vedtak om særskild språkopplæring
- Vedlegg 8: Vedtak om avslag på særskild språkopplæring for minoritets-språklege elevar
- Vedlegg 9: Vedtak om opphør av særskild språkopplæring for minoritets-språklege elevar
- Vedlegg 10: Vedtak om særskild språkopplæring for minoritetsspråklege elevar
- Vedlegg 11: Veileder for arbeid med minoritetsspråklige barn i barnehage og skule